



Skinnarbu 20.02.14

Adressater jamfør liste

## Referat styringsgruppemøte for GPS-merkeprosjektet på Hardangervidda og i Nordfjella

**Tid:** Onsdag 22. - torsdag 23. januar

**Stad:** Norsk Villreinsenter Sør, Skinnarbu

**Møtt:**

Lena Romtveit	Norsk Villreinsenter Sør (ref)
Anders Mossing	Norsk Villreinsenter Sør
Olav Strand	NINA
Olav H. Opedal	Villreinnemnda for Hardangerviddaområdet -leiar
Ellen Korvald	Buskerud Fylkeskommune
Ragnar Ystanes	Hardangervidda Villreinutval
Pål Rosslund	Statens Vegvesen
Lars Nesse	Nordfjella Villreinutval
Sigmund Tveitehagen	Nordfjella Villreinutval
Siri Bøthun	Nemnda for Nordfjella og Fjellheimen
Martin Lindal	Nemnda for Nordfjella og Fjellheimen -leiar
Svein Erik Lund	Hardangervidda VU/Nore- og Uvdal kommune
Ragnar Ystanes	Hardangervidda Villreinutval
Bjørn Bjørnsen	Tinn kommune
Lars Præstiin	Ulvik Herad
Jan Henning L`Abeè-Lund	NVE
Frode Johansen	NVE
Kjartan Askim	DNT

## **Sak 1: Status formidling frå GPS-prosjekta ved NVS:**

Lena presenterte status for formidlingsarbeidet frå GPS-merkeprosjekta i regi av NVS (vedlegg 1). Det er kome ynskje ifrå utvalet på HV om at NVS orienterer om GPS-merkeprosjektet på vårmøtet for villreinforvaltninga! NVS lagar ein slik presentasjon i samarbeid med Olav Strand, Olav Opedal og Svein Erik Lund.

NVS blei også oppmoda om å oppdatere samlinga med litteratur frå GPS-merkeprosjekta, samt arbeidet med dei regionale planane på [www.villrein.no](http://www.villrein.no).

Oppdatert publikasjonsliste og formidlingsplan (frå NINA) kjem med årsmeldinga for 2013.

## **Sak 2: Felling av merka dyr 2013, og merking 2014:**

Det blei merka 8 dyr i 2013. Ein gav seg etter ein runde pga vanskelege forhold; hardt, lite sporsno osv.

Agder Energi er fakturert tilsvarande ca 2 GPS-sendarar. Dette er rekna ut ifrå reell medgått batteritid, som fylgje av auka datainnsamling ved Sønstevatn vinteren 2013. Desse pengane blir bruka til bidrag til merkinga i 2014. Kvar sendar har no auka i kostnad til kr 52.000,- frå ca 32.000,-, som fylgje av vanskelege forhold ved merking.

I 2013 blei det felt fleire GPS-merka dyr:

- 6 GPS-dyr skotne.
- 4 av desse var framleis verksame.
- 2 av dei var defekte.
- I tillegg blei ein funnen død i terrenget (død under kalving).

Det er problematisk at så mange dyr med sendarar blir felt, særleg med tanke på kostnadsspørsmåla og dyrevelferd ved unødig ekstra merking, for å oppretthalde datainnsamlinga. Forskingsmessig er det største tapet at ein får kortare tidsseriar med data frå ein del av simlene. Det blei drøfta om ein skulle utarbeide eit faktaark som leggst ved tildelte fellingsløyve. Der kan ein skildre kva ei GPS-merka simle kan gje av informasjon, samt kva kostnader det er ved dette arbeidet og kvifor det er viktig at jegerane ikkje feller desse dyra. Semje om at dette må koma på eit eige ark, og ikkje at det blir trykt inn i folderen som SNO lagar. –NVS ser på dette saman med Olav og utvalet.

Status no er at 7 sendarar vil gå tome for straum, av dei 14-15 som verkar per januar 2014. Difor er det tatt høgde for merking av 10 nye vinter 2014, i tilknytning til Rv7.

Det er ikkje planlagt merking i NF ut over det som gjerast rundt Rv7. Dei 4 som verkar der oppe no, vil i alle fall fungere eitt år til (satt på i 2013). Men dersom det skal merkast meir i 2015, så må dette vera bestilt hjå NINA innan oktober 2014. Eiga finansiering må i så fall på plass.

## **Sak 3: Bruken av GPS-data i samband med tiltak på HV i jakta.**

Det har vore tre hovudfokus for datainnsamlinga på HV i 2013; områda rundt Sønstevatn i samband med damarbeida, overvakinga rundt Rv7 og arealbruken og effekten av fredingsssonene i jakta. Så langt er det bare tiltak og fredingsssoner på statsallmenningane i hhv Eidfjord, Ullensvang og Nore- og

Uvdal. Det er semje om desse tiltaka på allmenningane i 5 år totalt, fom 2013. Møte om fredingsssonene i Kinsarvik 21.jan, avdekte ingen interesse frå private vald i Hordaland om å gjera tilsvarande. Einaste private vald som har vedtatt fredingssoner er i Buskerud; Oppdal reinkompani, som har oppretta fredingssone ved Hafoss.

Det skjer også viktig læring om arealbruk i jakta, og fredingssoner, gjennom bukkemerkinga i SR. Her ser ein at bukkane har ein langt meir ekstensiv og variert arealbruk enn simlene. Dette har klart stor overføringsverdi til HV! Desse tinga vil også bli omtala i sluttrapporten for prosjektet.

## **Sak 4: Status for KVU ved Vegdirektoratet, samt overvåkingsregimet for Rv7 i 2014.**

Villreininteressene er påpeika i Nasjonal transportplan (NTP), men for å få det med i Konseptvalutgreiinga (KVU) for aust-vest hovudtrase, må villreininteressene påpeikast, tidleg og regelmessig.

Rosland la fram eit oversyn over driftsregimet knytt til Rv7, samt dei føringane som er gitt gjennom NTP (Vedlegg 2). Det har vore ein god del dyr nordover mot Rv7, både i 2013 og fleire år bakover, særleg tidleg på vinteren og før jol. I driftsregimet ligg det føre ein plan på at det skal settast i verk auka overvaking, og eventuelt tiltak, dersom 500 dyr eller meir kjem innom ei linje 10 km frå Rv7. Dersom meir enn 1000 dyr kjem innom ei linje 7 km frå Rv7 i meir enn 12 timar, eller er på veg nordover, skal vegen stengast og all trafikk stoppas eller tas ut av området, dersom opphald der ikkje var planlagt. I NTP er det sagt at dette driftsregimet skal evalueras i 2014.

Vidare er det også sagt i NTP at:

- Vinterbrøyting over høgfjellsoverganger fører til oppsplitting av bl.a. villreinens leveområde, og følgjas opp der det er aktuelt.
- Omsynet til villreinen skal framleis prioriteras i villreinområda.

Under investeringsprogrammet i NTP, er det sagt om villrein:

- Det leggst opp til å gjennomføre ein KVU for Rv 7 over Hardangervidda som mellom anna må sjå på vinterregularitet og omsynet til villrein.
- Det vil bli vurdert å la KVUen omhandle fleire av riksvegsforbindelsane mellom aust og vest, og eventuelt jernbane.

Rosland oppsummerte følgjande om villreininteressene:

- Innspel om fragmentering av villreinstamma som fylgje av vasskraft og infrastruktur må adresseras Statens Vegvesen Vegdirektoratet (SVV).
- Statusrapport basert på sluttrapporten fra villreinprosjektet kan bli eit viktig bidrag til forståing.
- Jf naturmangfaldlova er det ynskjeleg med kunnskap for å ta dei beste avgjerslene.

Det er kome nye utfordringar på banen sidan den gong NINA utgreidde om tunnelar over Rv7 i 2006, knytt til forsterka effektar av infrastrukturens barriere verknader. Kiting og tilsvarande aktivitet ut ifrå riksvegen var ikkje tema den gong, og dermed heller ikkje kor store korridorar dette medfører at ein må ha, for å vera fri for forstyrringar for å sikre kryssing Rv7.

## Sak 5: Status for analyser av data, adaptiv forvaltning og prosjektstatus Dovre-Rondane (v/Olav Strand):

### *Div arbeid som er i gang:*

Formidlingsprosjekt for MD frå arbeidet med Regionale planer: Dette vil bli ei formidling av arbeidet med regionale planer gjennom ein serie med fakta ark. Fakta-arka blir i NVS-drakt og lagt på [www.villrein.no](http://www.villrein.no). Faktaarka skal lagast i løpet av året, men mykje blir klart i løpet av våren. Ein del av tema som er aktuelle er referert til i Vedlegg 1, om formidlingsplanen frå NVS.

Det er på gang eit arbeid med ei digital publisering av villrein og villreinfjella.

Vidare skal det lagast materiell til, og i samarbeid med, reiselivet; t.d. vandreutstillingar til bruk på turishyttene osv. Eventuelt foredrag/videopresentasjonar til bruk på hyttene, t.d. som ein sak som kan stå og gå på ein skjerm på hyttene.

Bok om villrein, mellom anna med bilde frå kamerasendarane.

### *Om forkinga:*

#### Dataforvaltning og utveksling av data:

- Gjort eit stort arbeid på NINA med ein omfattande geodatabase (SAM; Spatial-database for animal movements). Dette er eit avgjerande verktøy for å kunne køyre analyser direkte, og utan mykje ekstraarbeid på formatering og manuell kopling av data. Det vil koma ein NINA Rapport som omhandlar denne databasen (Van Moorter in press), eventuelt som handbok.
- Gruppa med folk på NINA som handterer data er stor og kompetansetung. Dette arbeidet har kosta, både på personellsida og på teknisk side.

#### Vegetasjonskartlegging/Lavdekkekart:

- Her er det gjort eit stort arbeid som blei publisert i Remote sensing of environment, 2013: Falldorf, T., Strand, O., Panzacchi, M. & Tømmervik, H. 2013. Estimating lichen volume and reindeer winter pasture quality from Landsat imagery. Remote sensing of environment. Vol 140. Pp 573-579. (Vedlegg 3).

#### Habitatmodellering:

- Gjennom det store arbeidet som er gjort på habitatmodellering, finn ein at det er stor variasjon mellom områda.
- Ved fragmentering blir det ulik tilgang på ulike habitat mellom område.
- Modelleringa har gitt forvaltninga eit viktig kunnskapsgrunnlag for å treffe gode avgjerdsler.

#### Ferdsel:

- Då ferdsel er dynamisk i tid og rom, er beste måten å få betre kunnskap om ferdsel å radiomerke folk i område med radiomerka rein.
- Ved å sjå på kryssingsfrekvensen i ulike landskap kan ein sjå kva type stiar det er mest kryssing over og kvar grenseverdiane ligg.
- Kan sjå ut som at reinen kryssar hyppigare (pga auka forstyrring) i område med mykje menneskeleg ferdsel, men at ein også kan sjå når ein har ei absolutt barriere der kryssingar ikkje lengre skjer.
- Det kjem eit eige faktaark om villrein og ferdsel.

- Fins ikkje målingar av kva som skjer med reinen ved kontinuerleg forstyring, men Eigil Reimers (UiO) gjer noko ala dette ved sine habituerings-undersøkingar, der han ser på forholda for rein på Norefjell-Reinsjøfjell, Svalbard m.m.
- Har eit relativt stort gjentak av hypotesetesting i modellane, som gjer at ein etter kvart har ein vekta tabell, som seier noko om kva forstyringar eller variablar som betyr mest.

#### Analyser av fangstminner og GPS-data for å kartlegge viktige reinstrekk:

- Kva trekk er framleis i bruk?
- Kva er gått ut av bruk (for eksempel neddemt –Sønstevann).
- Direkte effektar av ein infrastruktur –kopla mot fangstminne (altså i område der landskapet i utgangspunktet drenerer reinen igjennom):
  - o 1 turisthytte innom 1 km buffer: reinen viser 100 % reduksjon i bruk. Ved 1 turisthytte innom 10 km buffer: reinen viser 34 % reduksjon i bruk.
  - o 1 km ifrå veg: reinen viser 46 % reduksjon i bruk. Ved 10 km avstand til veg: reinen viser 25 % reduksjon i bruk.
- Vanskeleg å bryte opp effektane av ulik infrastruktur i landskapet, der fleire element er samla, som for eksempel vegar, kraftleidningar osv. Dette har samanheng med autokorrelasjonar.

#### Barrierer:

- GPS-data er bruka i ein «step-seleksjons modell», der ein analyserer landskapet som ligg i mellom to ulike GPS-punkt: Kva ligg i det landskapet reinen (mest sannsynleg) ikkje bruka og kva ligg der den truleg gjekk?
  - o T.d. er det meir enn 30 grader helling kryssar dei ikkje, men går heller rundt.
  - o Reinen kryssar lettare uregulerte vatn enn regulerte vatn i april.
- NINA har fått ut såkalla «motstandskart» som viser desse mønstra og kva som ligg i terrenget med størst motstand mot kryssing.
- Vidare er det gjennom Kernel-analyse av «minste motstands veg», laga kart over forventa vandringsmønster av reinen i eit område, basert på motstanden mot ulike faktorar i landskapet.

## Sak 6: Sluttrapportering for Hardangervidda/Nordfjella prosjektet:

### Om rapporteringa generelt:

Det er semje i styringsgruppa om at ved rapportering av prosjektet er det viktig med eit format som vil bli bruka, altså ei type oppsummering.

NINA Rapport er ei rapportform som rapporterer mykje data og datagrunnlag; dette er ein veldig teknisk rapport. Døme på slike er:

- Hardangervidda-rapporten i 2006.
- Setesdalsrapporten i 2010.
- Nordfjella-rapporten i 2011 osv.

Vel ein derimot temahefte som format (t.d. Horisont Snøhetta), får ein ei oppsummering som er meir referansebasert med omsyn til resultat og data, i tillegg til at dette også blir meir nedskrive enn ein rapport.

På NINA skriv ein no på rapportar om villreinens arealbruk i Knutshø og i Rondane.

Av publikasjonar har produksjonen vore som fylgjande:

- 2 stk i 2012
- 2 stk i 2013
- 4 stk i 2014
- 2-3 stk som blir sendt fyrste halvår 2014

I desse publikasjonane ligg mesteparten av analysene og resultatata frå merkeprosjekta.

### Skisse og status for Hardangervidda/Nordfjella rapporten:

- Innleiing om fragmentering:
  - o Kva er egentleg problematikken; tilgang til beite, sesongvariasjon gjennom landskapa (migrasjon).
- Bakgrunn og villreinens leveområder: klima og ressursgradienter.
- Resultatdel:
  - o Biologisk forskning:
    - Habitatmodelleringa; kva har me lært; skalering av gradientane mv. Illustrert med praktiske eksempel. Døme på dette kan vera om barriereeffektar av kraftleidningar, og korleis dette varierer med kor interessante beiteressursane er i området og eventuelt andre forstyrningar m.m.
    - Andre viktige ting.
  - o Presentasjon av to villreinregioner: Langfjella og Dovre.
- Diskusjon og generelle anbefalingar.
  - o Det står att store mengder lokale utredningsoppgåver i ulike fokusområde, men det viktigaste vil vera dei tinga det er ei overordna interesse for; barrierer, koplinga landskap og bestand.
  - o Eige lite kapittel (to sider eller liknande) om Rv7-overvakinga!

Det kom opp spørsmål om kva ein ser for seg omkring forholdet mellom faste installasjonar og dynamiske forstyrningar som ferdsel? Samt jakt sett opp imot ferdsel med tanke på forstyrring? Det blei semje om at både desse må med i vidare arbeid!

### Dato for rapportering:

Med tanke på aktivitet 2015 som involverer store etatar, må ting vera klart tidleg haust 2014 (statsbudsjett).

Realistisk ifrå NINA vil vera:

- Fakta Ark klare i løpet av vårsemesteret.
- Utkast sluttrapport til godkjenning i styringsgruppa i oktober.
- Møte med tanke på søknader 2015 osv kan evt tas før sommaren.

## Sak 7: Arbeidet med revisjonar av konsesjonar for vassdragsreguleringar i villreinområda: Prosessen v/Siri Bøthun

Siri tok utgangspunkt i Nordfjella villreinområde. Nemnda i NF har sett på dette tema som viktig for seg, då dette området har særleg mykje kraftutbyggingar.

Siri påpeika at Vegleiaren frå OED manglar villrein som tema, når det kjem til opning for konsesjon.

- Kva må til for å få satt villrein på dagsorden og få satt i gang nokre konkrete tiltak for berørte villreinhabitat?

Det planlagt seminaret frå Miljødirektoratet vil forhåpentleg kople viktige partar i denne saka, slik at ein kan få spela inn sine ynskje.

### Korleis ein konsesjon kjem til revisjon:

- Nokon må krevje dette på vegne av berørte partar (t.d. kommunar, grendelag, nemnd). Ofte kan det vera lurt å gå gjennom kommunen (med kommunestyrevedtak).
- NVE må vidare gjera eit vedtak om at det skal opnast for revisjon.
- Eit slikt vedtak medfører at eigar (kraftselskap) må utarbeide eit revisjonsdokument.
- Avbøtande tiltak skal vurderast.
- Vedtatt revisjon kan medføre krav om avbøtande tiltak som er spela inn i revisjonsprosessen.
- Krav om revisjon er ikkje tidsbegrensa. Dvs at ein kan fremje krav om revisjon når som helst!

### Nokre konsesjonar i nokre villreinområde:

- Dovre-regionen er relativt lite belasta (verst er kanskje Aursjøen i Snøhetta).
- Ottadalen; har relativt stor spreining over tid for ulike revisjonar.
- Dei som ikkje kjem med med revisjon før 2022 er t.d. Tyin (nyleg fornya).
- Nordfjella: den delen av området som drenerer austover er revisjonsdokumenta på høyring, utover dette; nokon før 2019 og nokon før 2022.
- Hardangervidda; Tokke-Vinje og Mår er passert, men som sagt ikkje tidsavgrensa.
- Finse; passert.

I nokre område er enkelte konsesjonar slått saman (tidsmessig) for å handtere alle samla. (t.d. Tyssedalsfjellet.

### Prioriteringar av revisjonar:

Rapport 49/2013 frå NVE, om prioritering av vasskraftkonsesjonar som kan reviderast innan 2022, har ikkje vekta villreininteressene særleg tungt, t.d. ved Mår og Sønstevatn (klasse 3 for Mår).

Retningslinjer og prioriteringar, jf NVE Rapport 49/2013:

- 187 revisjonsobjekt med tilsaman 395 ulike konsesjonar.
- Revisjonsobjekt skapar større heilskap.
- Høg prioritet skal gjevas; «saker der det openbart er store skader og ulemper for viktige allmenne interesser og der det er realistisk å oppnå miljøforbedring innom en rimelig kost-nytte vurdering» (OED 2012).
- Høg prioritering; 50 vassdrag, Lågare prioritering; 53 vassdrag, ikkje prioritert; 84 vassdrag.

Momentliste for vurdering av prioritet;

- Fisk
- Almenne naturverdiar (naturtyper, artar m.m.)
- Kombinasjon med O/U prosjekter (utvidingar)
- Vassforskrift
- Samla belastning
  - Villrein inn her?

Der er eit eige kapittel om påverkingar som vassdragsreguleringar kan ha; der har villrein eige underkapittel.

## Problem for villrein knytt til vassdragsreguleringar

heng som oftast i hop med:

- Neddemming av areal.
- Avstenging av trekkvegar.
- Barrierer ved opne elveløp/kanalar.
- Infrastruktur som fylgjer og tilhøyrande ferdsel (anleggsvegar og kraftleidningar).

## Moglege tiltak

for villrein kan vera:

- Temporær tapping
- Tersklar/landbruere
- Gjenoppsetting av trekk på andre areal enn på dei neddemte.
- Å fysiske opne stengte trekkvegar
  - o Kostar pengar..
- Reetablere forbi magasin:
  - o Legge om/flytte/ikkje brøyte/
    - Vanskeleg politisk

Generelt kan ein sei at det er trong for å auke kunnskapsgrunnlaget, gjennom forskning, overvåking, kunnskapsinnhenting og utredningar.

## Vasskraftreguleringar i sett i forhold til topografi:

For habitatkarta i NF har Siri lagt på eit lag med stupkantar (meir enn 30 graders helling –som reinen ikkje vil gå, også jf Olavs gjennomgang av «motstandskart»). Dermed ser ein at det er langt meir avgrensa kvar reinen faktisk KAN gå. Neddemte areal saman med desse terrengformasjonane, gjev soner som blir avskorne og er mindre i bruk av rein (tilgjengelege).

Døme:

- Lesone mellom Nyhellermagasinet og Rv50.
- Tilsvarande Storvassmagasinet og Strandavatn –lesone.
- Hallingskarvet og inn i områda nordover.
- Vegane for reinen inn i desse områda kjem no bare ifrå NØ.

Data for desse karta som Siri viste, er frå heile året. Der ligg dermed inne moglegheiter for kryssing på isen, utan at dette skjer i særleg grad. Turstiane brukar også dei same klypene i terrenget mellom stupkantane, som der reinstrekka går.

## Kva er kunnskapsbehovet og forskingsmoglegheitene?

- Kva betyr installasjonane knytt til vassdragsreguleringar i eit villreinlandskap?
- Skala og funksjonalitet? Kvar er effektane og kva medfører det i den store skalaen knytt til funksjonane i landskapet?

Metodane i analysane av barrierer kan kanskje vera eit verktøy på sikt, til å handtere temaet på ein god måte. Men det er trong for eksperiment for å teste korrelasjonar.

På modellering vil ein etter kvart gå inn og sjå på tiltakssida; kva kan ein få att på stutt og lang sikt?



## Tema villrein og vasskraft framover:

Det var semje om at heilskapsperspektivet må hevast endå noko! Til dette blei det vist til at eit vesentleg oppfølgingsspørsmål i regionalplan i NF, er nettopp kraftrevisjonane!

Eit spørsmål er om Noreg som ansvarsnasjon for villrein, kanskje vil måtte seta til side kost-nytte verdien som fylgje av ansvaret, jf EUs pålegg i andre samanhengar?

Ei utfordring er at konsesjonar er sjølvstendige dokument som er vanskelege å knyte saman, men det kan gå å få offentlege organ til å samarbeide for å løyse eit problem i eit område. Eit vedheng til slike løysingar er likevel at tiltak ein kjem til «skal ikkje ha nemneverdig effekt på kraftproduksjonen». Jf St. prop. I 1992(?).

Det viktigaste blir truleg å fronte villreinens sak i vassdrag der dette er sentralt; påpeike behova, og gripe dei moglegheitene som er der i dag. Fyrste steg i denne retning blir seminar i regi av Miljødirektoratet om villrein og infrastruktur. Der er eit av måla å få aktuelle partar til møtas på tvers av sektorar, og drøfte korleis ein kan sikre ei heilskapleg handsaming av villreininteressene, i saker der tiltak er med på å fragmentere villreinens leveområde.

## Sak 8: Økonomi v/Lena Romtveit

Lena la fram økonomistatus i prosjektet. Ved årsskiftet hadde prosjektet med seg kr 475.987,- inn i 2014. Dette saman med det årlege bidraget ifrå Vegvesenet, er dei kronene ein har å drifte prosjektet for i 2014 (merking, datainnsamling osv), samt til skriving av sluttrapporten. Sjå vedlegg 2 for meir detaljar.

## Oppsummering/avslutning:

Lokalt for Hardangervidda/Nordfjella prosjektet er det sluttrapporteringa og lokale saker som Gravidalen-saka og fredningssoner i jakta som står øvst sakslista framover. I tillegg er det mange regionale problemstillingar som er aktuelle for drøfting på tvers av prosjekta framover.

## Vidare møteplan:

- Nytt møte mai/juni, for oppdatering omkring sluttrapportering m.m.?
- Invitere Setesdalsgjengen, for drøfting av regionale problemstillingar.

## **Adressater (referatet sendas bare elektronisk):**

- FM i Sogn og Fjordane v/Hermund Mjelstad, Njøsveien 2, 6860 Leikanger
- FM i Buskerud v/Even Knutsen, Pb 1604, 3007 Drammen
- Buskerud Fylkeskommune v/Ellen Korvald, Utviklingsavd, Fylkeshuset, 3020 Drammen
- Hordaland Fylkeskommune v/ Eva Katrine Taule, Fylkeshuset, Pb 7900, 5020 Bergen
- Villreinnemnda for Hardangerviddaområdet v/Olav H. Opedal, 5781 Lofthus
- Nordfjella og Fjellheimen Villreinnemnd, Aurland Naturverkstad, Pb 27, 5741 Aurland
- Hardangervidda Villreinutval v/Ragnar Ystanes, 5781 Lofthus
- Nordfjella Villreinutval v/Lars Nesse, 6888 Borgund
- Statens Vegvesen – Vegdirektoratet v/Pål Rosland, Pb 8142, 0033 Oslo
- Den Norske Turistforening v/Kjartan Askim, Pb 7- Sentrum, 0101 Oslo
- SNO v/Knut Nylend, Skinnarbu, 3660 Rjukan
- NVE v/Jan Henning L'Abèe-Lund, Pb 5091 Majorstua, 0301 Oslo
- NVE v/Frode Berntin Johansen, Pb 5091 Majorstua, 0301 Oslo
- Tinn Kommune v/Bjørn Bjørnsen, Torget 1, 3660 Rjukan
- Ål Kommune v/Ivar Brevik, Torget 1, 3570 Ål
- Ulvik Herad v/Lars Præstiin, 5730 Ulvik
- Nore- og Uvdal kommune v/Svein Erik Lund, 3630 Rødberg

## **Andre:**

- NINA v/Olav Strand, Tungasletta 2, 7485 Trondheim
- Miljødirektoratet v/Vemund Jaren, Postboks 5672 Sluppen, 7485 Trondheim
- Miljødirektoratet v/Kari Bjørneraas, Postboks 5672 Sluppen, 7485 Trondheim
- Villreinnemnda for Hardangerviddaområdet v/Silje Ljøterud, Sentrum 20, 3630 Rødberg